

Memorat

Aud Bækkelund

Utstilling i Kabuso 9.oktober – 14. november 2010

katalogtekst

Alle kan nok skimte minne frå første skuledagen sin. Minne om å opne ryggsekken og ta ut eit nytt pennal fylt opp av sylspisse blyantar, ubrukte viskelêr og linjalar. Etterkvart vart blyantane kortare og viskelêra små og skitne, medan skriveblokkene vart fylte opp av store og små bokstavar og gongetabellar.

Aud Bækkelund samlar på ting som for andre framstår som enkle og verdlause – som viskelêr, blyantar, linjalar og konglar. Intuitivt leiker ho seg med desse materiala og set dei saman i heilt særskilde kontekstar som framstår som morosame, melankolske og undrande. Det er eit snev av melankoli ved tida som kvarv Bækkelund viser oss, samstundes som kunsten kan trigge gode minne.

Utstillinga sitt kanskje mest delikate arbeid er eit abstrahert tre. Avkapp frå frukttre er pakka inn i florlett stoff – eller er det kingelvev? og hengt opp til eit svevande kunstverk som dannar skuggespel inn mot veggen når omgivingane eller vinden tar tak i lufta rundt. I dette verket spelar naturen og kulturen sterkt mot kvarandre – og betraktaren vert trekt inn i refleksjonar, fantasiar og uendelege assosiasjonsrekkjer.

Ein kan trekke ein parallell mellom Bækkelund og den italienske Arte Povera-rørsla frå 1960-talet, ei gruppe kunstnarar som gjorde opprør mot verdiane i den etablerte kunsten og kulturen. Desse kunstnarane brukte ulike kvardagslege materialar og objekt i kunsten sin, og kombinerte ulike readymades i kunstverka, som ofte var flyktige og foranderlege. Vi kan lese eit element av samfunnskritikk ut av både Arte Povera-rørsla og Bækkelunds kunst ved bruk- og kastmentaliteten i samfunnet. Ein blyantstump kan framleis skrive kreative ord eller løyse matematiske gåter. Likevel vert blyantar kasta når dei vert korte, slik vi fjernar linjalen sitt bruksverde når han er knekt. Av gjenstandar og ting som dei fleste avskriv som verdlause og til overs, skaper Bækkelund finurlege kunstverk, som får assosiasjonsrekkjene og minnene til å danse.

Heidi Jaeger

Kabuso, oktober 2010

Heidi Jaeger er kunsthistorikar og fagleg leiar ved kunsthuset Kabuso i Øystese.

Memorat

Aud Bækkelund

Exhibition in arts centre Kabuso, October 9th - 14th November 2010

catalog text

Everyone can probably vaguely recall their first day at school. Memories of opening the schoolbag and taking out a new pencil case filled with freshly sharpened pencils, erasers and rulers not yet used. Gradually the pencils became shorter and the erasers turned small and dirty, while the note pads were filled with large and small letters and multiplication tables.

Aud Bækkelund collects things that to others appear to be simple and worthless – such as erasers, pencils, rulers, and cones. Intuitively she toys with these materials, combining them in specific contexts that appear funny, melancholic, and wondering. A touch of melancholy about the passing of time is what Bækkelund shows us, while at the same time the art can trigger good memories.

The exhibition's perhaps most delicate work is an abstracted tree. Cuttings from fruit trees are wrapped in a flowery light material - or is it cobweb? Hung up it becomes a floating work of art, creating a play of shadows against the wall when something in the surroundings, or the wind disturbs the air around it. In this work nature and culture play heavily against each other - and the viewer is drawn into reflections, imaginings and endless rows of associations.

One can draw a parallel between Bækkelund and the Italian Arte Povera movement in the 1960s, a group of artists who rebelled against the established values of art and culture. These artists used everyday objects and materials in their art, combining various readymades in artworks, often making them volatile and changeable.

We can read an element of criticism of the mentality of use and discard in our society, in both the Arte Povera movement and Bækkelund's art. A pencil stub can still write creative words or solve mathematical riddles. Nevertheless, pencils are thrown away when they are short, just as the ruler is removed when it is broken. From objects and things that most people disregard as worthless and negligible, Bækkelund is creating subtle works of art, making associations and memories dance.

Heidi Jaeger

Kabuso, October 2010

Heidi Jaeger is an art historian and academic director at the arts centre Kabuso in Øystese.

Translated by Tone Aanderaa